



NOTAT

Til: Styringsgruppa
Frå: Sekretariatet
Kopi: [Fyll inn]

Vedlegg nr. 2

Saksbehandlar/telefon:
Eva Mari Pettersen / 41663951
Vår dato: 04.09.2023

Sak 75/23 Handlingsprogram 2024-2027: Oversikt over lokale vedtak

Bakgrunn

I juni 2023 har dei lokalpolitiske partane i Miljøløftet handsama Handlingsprogram 2024-2027. Alle partane sluttar seg til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2024-2027. Denne saka har som formål å orientere partane om vedtakspunkta som er fatta i dei ulike politiske styra. Det er dei lokale partane sjølv som er ansvarlege for å ta i vare sine politiske vedtak i dei kommande rulleringane. Partane er sjølv ansvarlege for å orientere dersom det er utfordringar knytt til oppfølging av vedtak, eller andre særlege omsyn av relevans for partane i Miljøløftet.

Lokalpolitiske vedtak

Under blir det lista opp partane sine vedtak frå behandlinga av saka om handlingsprogram 2024-2027. Nokre av partane har vedteke merknadar i tillegg. Det er også nokre protokolltilførslar:

Alver

Vedtak i sak 98/23:

Alver kommune sluttar seg til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2024-2027

Askøy

Vedtak i sak 48/23:

Askøy kommune slutter seg til Miljøløftets handlingsprogram 2024-2027.

Innstilling fra Råd for personer med funksjonsnedsettelse:

Forutsetter at personer med funksjonsnedsettelse blir ivaretatt når det kommer til parkering og tilgjengelighet.

Bergen

Vedtak i sak 213/23:

1. Bystyret slutter seg til det fremlagte forslaget til Handlingsprogram for Miljøløftet 2024-2027.
2. Bystyret stiller seg ikke bak prosjektet "E39 Sykkelstamveg Bergen delstrekning 4, Fjøsanger - Kristianborg" slik det foreligger i prosjektopporteføljen. I beskrivelsen i prosjektopporteføljen kommer det frem at: "[G]runnet usikkerheten knyttet til Ringveg øst har SVV besluttet å avvente det videre arbeidet med en fullverdig løsning forbi Fjøsangerkrysset inkl. tilkobling mot Straumevegen". Bystyret mener sykkelstamveg Bergen delstrekning 4 er et viktig prosjekt som bør realiseres uavhengig av fremdriften til Ringveg øst søndre del.
3. Bergen kommune skal gå i dialog med fylket for å sikre fremkommelighet på fortau og at det etableres sykkelvei fra Klostergaten til Torgallmenningen.
4. Bergen kommune skal gå i dialog med fylkeskommunen for å vurdere overføring av ansvaret for veier i Bergen sentrum som ikke tjener regionale interesser.
5. Bergen kommune skal arbeide for at fotgjengerovergangen over Veiten der Veiten møter Markeveien markeres etter gjeldende forskrifter.

Følgjande merknader vart vedtekne:

Merknad 1

I lys av en påkjørsel i Kjøkkelvik i april, mener bystyret at utbedringer omhandlende "Fv5208 Kjøkkelvikveien sammenhengende gang og sykkeltilbud" må fremskyndes.

Merknad 2

Dersom Bergen kommune skal jobbe mot målet om at innfartsparkering skal redusere sentrumsrettede arbeidsreiser, oppfordrer bystyret til å sikre mer innfartsparkering i Fyllingsdalen, samt flere bydeler.

I tillegg vart det lagt til følgjande protokolltilførslar:

Fremskrittspartiet er uenig i Bypakke Bergen og finansiering av infrastruktur gjennom bompenger.

Folkets Parti støtter utvikling av transportforbindelser og infrastruktur, men kan av prinsipielle ståstedeler ikke støtte Miljøløftets innhold som rører ved brukerfinansiering i forbindelse med bompenger, bybaneutbygging og skjevfordeling av finansieringsbyrden.

Rødt stemmer for byrådets innstilling i saken til tross for at vi er uenig i Bypakke Bergen og finansiering av kollektivtransport gjennom bompenger. Dette fordi Handlingsprogram for Miljøløftet 2024 - 2027 inneholder viktige tiltak det haster å få på plass for å gjøre Bergen mindre bilbasert.

Bjørnafjorden

Vedtak i sak 94/23:

Bjørnafjorden kommunestyre sluttar seg til Handlingsprogram for Miljøloftet 2024 - 2027 slik det er vedteke av styringsgruppa i Miljøloftet i sak 33/2023.

Øygarden

Vedtak i sak 79/23:

Kommunestyret sluttar seg til Miljøloftet sitt handlingsprogram for 2024-2027 slik det ligg føre som vedlegg til saka.

I same møte (21. juni) handsama kommunestyret ei anna tilgrensande sak, sak 76/23 «Innspel til Miljøloftet sitt handlingsprogram for 2025-2028». Her blei det fatta fleire vedtak som er aktuelle for vidare arbeid i Miljøloftet.

Kommunestyret forutset at desse prosjekta allereie ligg inne i handlingsprogrammet:

1. FV og KV Skogsskiftet sentrum
2. FV 561/5244 Miljøgate Ågotnes

I tillegg ber kommunestyret kommunedirektøren, i samarbeid med partane i Miljøloftet, å arbeide vidare med desse prosjekta i prioritert rekkefølge, inn mot Handlingsprogram 2025 – 2028 (HP 25-28) :

1. FV 5240 FV Arefjordvegen –Strekning 2 –Bru til Liljevatnet barnehage
2. FV 5242 Vestsidevegen
3. FV 560 Stranda -Sundvegen, Vorland -Forland

Dersom ikkje desse tiltaka kan gjennomførast vil kommunestyret prioritere FV 5240 Arefjordvegen, strekning 1 og KV 1292 Bildøyvegen

Nytt kulepunkt under avsnittet belønningsmidlar:

Kollektivaksen vert videreført frå Ågotnes til kommunedelsenteret Rong
Bsyklar i regionssenteret vert utvida til også å gjelde på Skogsskiftet, Ågotnes og Rong

Innfartsparkering skal verte gitt høg prioritering i heile kommunen.

Vestland fylkeskommune:

Vedtak i sak 50/23:

1. Fylkestinget sluttar seg til framlegget til handlingsprogram for Miljøløftet 2024-2027 slik det ligg føre.
2. Fylkestinget ser det som svært uheldig at staten ikkje dekker prosjekteringskostnader når dei løyver midlar til prosjekt på fylkesveg og kommunal veg.
3. Fylkestinget ber partane i Miljøløftet om å sette av tilstrekkeleg med planleggingsressursar til dei prosjekta som no er prioriterte i handlingsprogramperioden.
4. Fylkestinget meiner det er positivt at det blir arbeidd for å få mest mogleg gang- og sykkelveg for pengane. Fylkestinget meiner det er viktig at gang og sykkelvegar blir bygd på ein måte som gjer at dei vert opplevd som trygge og som ikkje reduserer trafikktryggleiken til dei mjuke trafikantane. Målet er å få fleire syklande i alle aldersgrupper.
5. Gode tal for mobilitet og reisevanar er avgjerande for å kunne gjennomføre ein politikk som er i tråd med politiske mål. Dagens Reisevaneundersøking er ikkje tilfredsstillande, og har liten verdi. Vestland fylkesting ber om at ein jobbar for å erstatte Reisevaneundersøkinga (RVU) med noko som i større grad gir reelle tal som ein kan nytte til reell evaluering og politikkutforming. Verken for omegnskommunane eller for bydelane i Bergen er RVU detaljert nok til å gi informasjon som ein har tillit til og kan handle ut ifrå.
6. Fylkestinget meiner det er positivt at det vert jobba med å nytte midlane til utbetring av sykkelveg på fylkesvegnettet i og rundt Bergen sentrum, og tillegg til å finne løysingar for kortsiktige tiltak som kan sikre samanhengande sykkelveg gjennom Bergen sentrum.
7. Fylkestinget rår til å vente med E39 Sykkelstamveg Fjøsanger – Nesttun, men jobbe vidare med dei andre på sykkelstamveien

I tillegg vart det lagt til følgjande protokolltilførsel:

Folkets Parti er positiv til utvikling av transportsamband og infrastruktur, men kan ikkje støtta handlingsplanen grunna bompengefinansieringa, m.a. i samband med bybaneutbygginga.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa tar saka til orientering. Dei lokale partane er sjølv ansvarleg for å ivareta sine politiske vedtak i dei kommande rullingane av handlingsprogram.